

Fylkesmannen - Vallestad, Jorunn

Utsiktspunkt til Sivlefossen

Vi viser til dykka e-post av 3. november 2020 med spørsmål om fråsegn til det planlagde utsiktspunktet ved Sivlefossen i Voss herad. Tiltaket er plassert innanfor verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden og tett på det freda kulturminnet Stalheimskleiva. I tillegg til Stalheimskleiva er det fleire kulturminne i området som fortel om korleis det har vore nytta i tidlegare tider. Vi finn her kulturminne knytt til jordbruksdrift, landskap, samferdsle, turisme, krigsminne med meir. I området der utsiktspunktet er tenkt plassert er det, med unntak av turstien ved Sivlefossen, ingen moderne inngrep og området framstår som eit heilskapleg kulturmiljø.

Prosjektet slik det ligg føre har ikkje gjort nokon vurderingar av korleis utsiktspunktet vil påverke verdsarvområdet sin OUV (Outstanding Universal Values), omsynet til kulturmiljøet og naturmangfaldet i området. I prosjektet er det lagt opp til at utsiktspunktet ikkje skal vere universelt utforma og at tilkomsten skal vere frå eksisterande turveg. Vestland fylkeskommune stiller seg spørjande til at eit tiltak av denne storleiksorden ikkje skal vere universelt utforma, og vi forventar at det i ein eventuell vidare planlegging av prosjektet vil kome krav om dette, samt behov for WC og parkering. Dette er tiltak som igjen vil føre til eit auka inngrep i verdsarven og ein reduksjon av dei kulturhistoriske verdiane i området.

Dersom tiltakshavar vel å gå vidare med prosjektet må det etter vår vurdering gjennomførast betre utgreiingar knytt til fyljande tema:

- Tilhøvet til verdsarvområdet sin OUV. Her må ein vurdere om tiltaket er av ein slik storleiksorden at dette bør gjennomførast som ein KUVA (Konsekvens Utredning for VerdsArv), <https://www.riksantikvaren.no/wp-content/uploads/2020/02/ICOMOS-KU-norsk-042018.pdf> og <https://www.riksantikvaren.no/wp-content/uploads/2020/02/IUCNs-KU-veiledningsnotat-norsk-utgave.pdf>
- Tilhøvet til området i Stalheimskleiva som kulturmiljø.
- Tilhøvet til Stalheimskleiva som freda kulturminne.
- Tilhøvet til krav om tilgjengelegheit og behov for funksjonar som toalett og parkering.
- Det bør også utgreiast om det er mogleg å legge tilrettelegge for utsiktspunkt utan å gjere store inngrep i kulturlandskapet. Her kan ein sjå på moglegheita for å utvikle området som ein attraksjon på bakgrunn av naturen og kulturminna som er der i dag, og dei verdiane som desse representerer.

Oppsummering

Vestland fylkeskommune rår verneområdestyret til å ikkje gje løyve til tiltaket slik det ligg føre pr. i dag. Etter vår vurdering må ein i dette området sjå på korleis ein kan utvikle det på bakgrunn av natur- og kulturverdiane som er der utan store nye inngrep. Dersom tiltakshavar likevel ynskjer å gå vidare med prosjektet, må det etter vår vurdering gjerast ei utgreiing av kva konsekvensar dette får for området sin OUV og for kulturmiljøet i Stalheimskleiva.

Med helsing

David J. Aasen Sandved
seksjonssjef

Eva Moberg
fagleiar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

RIKSANTIKVARE Postboks 1483 Vika
N